

Ungdomskoret – øvingsplan haust 18

- *For ungdom frå ungdomsskulen og vidaregåandeskulen*
- *Øving anna kvar tysdag på Ljosheim kl.14.30-15.15. Sett av datoane no!*

Søndag 26. august – *Ungdomskoret syng på presentasjon av konfirmantane i Dale kyrkje. **OPPVARMING KL.10.15**, gudsteneste kl.11.*

Tysdag 28. august kl.14.30-15.15 – **Øving**

11. september kl.14.30-15.15 – **Øving.**

25. september kl.14.30-15.15 – **Øving.**

Søndag 21. oktober – *Ungdomskoret syng på solidaritetsgudsteneste på nord/sørsøndagen i Dale kyrkje. **OPPVARMING KL.10.15**, gudsteneste kl.11.*

23. oktober kl.14.30-15.15 – **Øving.**

6. november kl.14.30-15.15 – **Øving.**

20. november kl.14.30-15.15 – **Øving.**

4. desember kl.14.30-15.15 – **Øving.**

Tysdag 18. des - kl.14.30-15.00 **Øving** i kyrkja på julesongane.

Tysdag 18. des *Ungdomskoret syng to nummer på Julekonserten i Dale kyrkje kl.19.30*

fredag 21. des – *dei på Ungdomskulen syng på skulegudstenesta kl.11.*

Nyårsaftan 31. des – *Ungdomskoret syng i Dale kyrkje.*

OPPVARMING KL.16.00, gudsteneste kl.17.

NYE MEDLEMMER: Kontingent kr 100,- for kalenderåret 2018 blir betalt til Ungdomskoret kontonr-37052995443 Merk kontingent + namn til kormedlem.
FRIST: 1. okt

Dirigent: Mark Taylor 57739774a, 97513449m kantor@fjaler.kyrkja.no

Kasserar: Trude Gjeitanger Høgseth Felde 99284351 trudedefelde@gmail.com

Nye personvernreglar frå 1. juli

EU sine nye personvernreglar – the General Data Protection Regulation (GDPR) – blir innført etter planen i Noreg tidlegast 1. juli i år. For å drive Ungdomskoret, må kyrkja hente inn og lagre personopplysningar og dele dei med organisasjonane Ung Kirkesang, Fjaler kommune og Brønnøysundregistrene.

Relevante personopplysningar frå deltakarar for drift av Ungdomskoret er namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse og fødselsnummer (både fødselsdato og personnummer) for kormedlemet og foreldre/føresette. Desse er lagra i kyrkja sin database «Kardinal», tilgjengeleg for tilsette i Fjaler sokn. Du kan ta kontakt viss du vil vite kva for opplysningar vi har om deg. Du kan også be oss om å slette desse opplysningane.

Kontaktopplysningane til føresette er delt med kasseraren i Ungdomskoret i ei adresseliste for at kasseraren kan hente inn kontingent. Ungdomskoret deler namn, adresse og fødselsdato med Ung Kirkesang, som lagrar opplysningar på Hypersys til innkreving av kontingent, påmelding til kortreff og søknader om frifondsmidlar.

Namn på **styremedlemmer** er publisert i Brønnøysundregistrene (Altinn) der koret er registrert som frivillig organisasjon. Namn på ein kontaktperson blir delt med Fjaler kommune (Frivilligsentralen og kulturkontoret) for at koret kan drive med rekruttering og marknadsføring gjennom Fjaler kommune si nettside, kulturkalender og heftet «Fritida mi».

Bilete: Bilete av koret kan bli brukt i kyrkjebladet, kyrkja si nettside og/eller facebookside. Den enkelte kan reservere seg mot gruppebilete publisert i ein eller fleire av desse kanalane.

Ungdomskoret ber også om sensitive opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre songundervisning og eventuelle turar med kortreff/bading på ein forsvarleg måte, slik som lærevanskar, allergiar eller sjukdomar. Desse opplysningane blir ikkje delt med andre og blir sletta når du sluttar i koret.